



Gade Info



Årgang 1, nummer 1
15. Juni 2007

Gades Institutt presenterer herved sin første elektroniske instituttavis. Stofftilgangen vil bestemme kor hyppig nye nummer blir utsende framover. Redaksjonen (Karl-Henning Kalland, Jorunn Viken og Randi Nygaard) tar svært gjerne mot idear til meldingar og notisar.


I dette første nummeret blir organisasjonsstrukturen ved Gades Institutt med komitear og utval presentert. Leiargruppa består av Karl-Henning Kalland (instituttleiar), Lars A. Akslen (visestyrar for forskning), Roland Jonsson (visestyrar for undervisning) og Jorunn Viken (kontorsjef). Instituttet har to seksjonar: Avdeling for patologi og Avdeling for mikrobiologi og immunologi. Lars A. Akslen har seksjonsleiaransvar på Avdeling for patologi.

Instituttrådet er eit rådgjevande organ for instituttleiinga som har observatørstatus i Instituttrådet. Leiar for Instituttrådet er Anders Molven. Samansetning av og mandat for komitear, råd og utvalg kan ein finne på websida til Gades Institutt: <http://www.gades.uib.no>.

Vellukka arrangement denne våren - som fleire doktorgradsdisputasar (Bjørn Inge Bertelsen, Oleg Tsinkalovsky, Emiel Janssen, Ingeborg M. Bachmann og Mathula Thangarajh), 50-årsjubileet til Broegelmans Forskningslaboratorium den 15. mai og Forskningsdagen den 30. mai – har synleggjort den kvalitet og det potensiale som er ved instituttet. Denne utgåva inneheld fleire notatar om utdeling av kvalitetsprisar. Strategiplanen til Gades Institutt for perioden 2006 – 2010 er også å finne på websida og viser ambisiøse mål for forskning, undervisning og miljø ved instituttet. Det skal rettast ei takk til alle som på ulike måtar bidrar til framgangen for instituttet.

Vi ønskjer alle ved Gades Institutt ein God Sommar!

ORGANISASJONSKART



Personalnytt



Dekanus Per Omvik overleverer fakultetets formidlingspris og blomster til Prof. Ole Didrik Lærum

Formidlingsprisen til Professor Ole Didrik Lærum

Det medisinske fakultets Formidlingspris vart overrekket Professor Ole Didrik Lærum ved Fakultetsstyremøtet den 13. juni. Lærum får prisen for sin formidling av eige arbeid gjennom ulike medier, frå skrift og tale til fjernsyn, radio og utstilling. Lærum har også hatt ei viktig rolle i UiBs formidlingsarbeid ved at han som universitets- og forskningspolitikar har lagt til rette for formidling av vitenskap og har gjort mykje for å styrke formidling både ved UiB, i Norges forskningsråd og Det Norske Vitenskapsakademi. Lærum vart tidlegare i år innvald som Corresponding fellow i The Royal Society of Edinburgh, som er Skotlands Nasjonale vitenskapsakademi for alle fagdisiplinar. Han er for tida også visepreses i Det norske Videnskapsakademi. Hans siste bok, "I ulveskinnspele" fortel om livet til legen og legefamilien i tidlegare tider.

Årets publikasjon ved Gades Institutt

Prisen for "Årets publikasjon 2006" ved Gades Institutt vart på Forskningsdagen 30. mai utdelt til "Immunohistochemistry using a *Mycobacterium tuberculosis* complex specific antibody for improved diagnosis of tuberculous lymphadenitis" ved forfattarane Themina Mustafa, Harald G Wiker, SG Mfinanga, Odd Mørkve og Lisbeth Sviland (Mod Pathol 2006; 19: 1606-14). Arbeidet representerer ein ny metode for deteksjon av *M. tuberculosis* i vevsprøver ved hjelp av eit spesifikt antistoff mot MPT64 antigenet som er blant dei proteina som tuberkelbasillar utsondrar mest av. Forskningsgruppa starta med å undersøke korleis ei rekke antistoff mot ymse definerte antigener i tuberkelbasillar kunne påvise infeksjon med tuberkelbasillar i vevsprøver frå tuberkulosepasientar. Antistoffa mot MPT64 antigenet viste dei beste resultatata og når ein samanlikna med PCR viste det seg at immunhistokjemimetoden var like sensitiv og spesifikk. Immunhistokjemi er enklare å Utføre og meir robust og metoden eignar seg derfor til rutinediagnostikk av tuberkulose utanfor lungene. I slike høve er det ofte vanskeleg å avgjere om ein har infeksjon med tuberkelbasillar eller andre bakteriar som er i nær slekt, såkalla miljømykobakteriar. Testen gir ikkje utslag ved infeksjon med miljømykobakteriar som er mykje mindre alvorleg. Ein pris på NOK 25000 til drift i forskningsgruppa følger med prisen.



Themina Mustafa

Årets publikasjon ved Det medisinske fakultet


Prisen for "Årets publikasjon 2006" vart tildelt artikkelen "Mutations in the CEL VNTR cause a syndrome of diabetes and pancreatic exocrine dysfunction" av Raeder H, Johansson S, Holm PI, Haldorsen IS, Mas E, Sbarra V, Neramoen I, Eide SA, Grevle L, Bjørkhaug L, Sagen JV, Aksnes L, Søvik O, Lombardo D, Molven A og Njølstad PR, publisert i Nature Genetics 38: 54-62. Vi gratulerer forfattarane og spesielt professor Anders Molven ved Gades Institutt. Han har sidan 1999 delteke i arbeidet med å finne mutasjonen som gir sviikt i både endokrin og eksokrin pankreasfunksjon. Arbeidet er eit resultat av nært og fruktbart samarbeid mellom forskarar ved ulike institutt ved Det medisinske fakultet og eit sterkt, internasjonalt miljø. Prisen vart i år delt, og prisvinnarar var i tillegg frå Institutt for biomedisin: Veruki ML, Mørkve SH, Hartveit E. Activation of a presynaptic glutamate transporter regulates synaptic transmission through electrical signaling. Nat Neurosci. 2006; 9:1352-3.



Anders Molven

50-årsjubileum ved Broegelmans Forskningslaboratorium

Den 15. mai vart Broegelmans Forskningslaboratorium sitt 50-årsjubileum feira med foredragsserie i Armauer Hansens hus og festmiddag på Bellevue om kvelden. Historia kring Broegelmans Forskningslaboratorium (BFL) er eit godt eksempel på ein privat donasjon og forskningsstiftelse som har påverka Universitetet i Bergen sin profil innan forskning og kompetansebygging, i dette tilfelle innan fagområdet medisinsk immunologi. Dette forskningsmiljøet har ivarett koblinga mellom klinisk medisin og basal immunologi og derved oppnådd å bli ein sentral ressurs for ei rad medisinske fagområde. I samband med jubileet er boka "Immunologisk forskning i Bergen" utgitt. For vidare interesse kring boka ta kontakt med Roland Jonsson: roland.jonsson@gades.uib.no



Professor Roland Jonsson vald til president i Scandinavian Society for Immunology

Nylig hadde Scandinavian Society for Immunology (SSI) sitt årlege møte i Turku, Finland og valde Roland Jonsson til president i SSI for primært ein 3-års periode 2007-2010.

SSI har over 1000 medlemmer og har følgjande målparagraf:

1. The objective of the Society shall be to advance knowledge of immunology within the Nordic countries. For this purpose the Society shall encourage the organisation of scientific meetings, symposia or courses, and promote any activity deemed helpful to forward these objectives.
2. The Society shall promote contacts and communication between persons, institutes and societies interested in immunology.
3. The Society shall represent Nordic immunologists in the Int. Union of Immunological Societies (IUIS).



Roland Jonsson



Einar K. Kristoffersen

Professor Einar Klæboe Kristoffersen

I Fakultetsstyret 13. juni vart Einar K. Kristoffersen sin bistilling ved Gades Institutt endra til professor II etter kompetanse. Kristoffersen forskar innan immunitet og infeksjon samt inflammasjon. Pågåande prosjekt innan allergivaksinerer er bl.a måling av regulatoriske allergen i spesifikke T celler ved intranasal hyposensibilisering av barn og mukosal immunitet. Eit anna spennande prosjekt er om periodisk feber hos barn. Framover ønskjer han å fokusere på immunologiske mekanismer og kliniske problemstillingar ved immundefektar og ved ulike former for hypersensitivitet. Kristoffersen er i hovudstilling som seksjonsoverlege på immunologisk seksjon, AML, samt som overlege ved Blodbanken (kvar 4de veke).



Professor og overlege Elling Ulvestad med bok på Springer forlag

I "Defending Life - The Nature of Parasite-Host Relations" diskuterer Elling Ulvestad relasjonen mellom vert og parasitt. Immunsystemet er ontologisk og evolusjonsmessig avhengig av denne relasjonen i eit økosystem. Både immunkompetanse og immuninkompetanse blir undersøkt på alle nivå frå molekylær genespresjon, gjennom celler og organismer til økosystemet. I tillegg til detaljerte eksempel på immunmekanismer og mikrober sin livssyklus klarlegg boka metoder, omgrep og mønster som er viktige for forståing av immunsystemet og samspelet med vert og mikrober i ein større samanheng.

Forfatter: Elling Ulvestad Forlag: Kluwer Academic Publishers (Springer). Defending Life. ISBN: 978-1402056758.



Oleg Tsinkalovsky

Post doc-stipend til Oleg Tsinkalovsky

I siste søknadsrunde ved Det medisinske fakultet vart Oleg Tsinkalovsky tildelt post doc-stipend for 3 år. Oleg Tsinkalovsky arbeider i Ole Didrik Lærum sin gruppe og studerer endringar i signalvegar som er involvert i normal fornying av stamceller, og om endringar bidrar til at kreftceller blir danna eller vedlikehaldne. Tsinkalovsky disputerte for dr.graden ved Gades Institutt i vår. Han får også oppgåver tilknytt forskarlinja for medisinerstudentane.

Dødsfall

Gades Institutt har nettopp mottatt den triste budskap at Johan Christopher Giertsen døde 14.juni etter ei tids sjukdom. Professor Giertsen bygde opp rettsmedisinen i Bergen og var ein markant rettsmedisinar nasjonalt. Han var dekanus ved Det medisinske fakultet frå 1976 – 82. Gravferda vil vere fredag 22.6 kl 13.30.

Nyttige linker

Det med.fakultet: <http://www.uib.no/med>

På Høyden nettavis UiB: <http://meldinger.uib.no/nettavis/>

20 siste medlinger UiB: <http://melding.uib.no/siste>

PubMed: <http://www.ncbi.nlm.nih.gov/entrez/query.fcgi?otool=bibsys>

Bergen Translational Research Grant Program: <http://www.uib.no/med/translation/funding.html>

BBB Seminars: <http://www.uib.no/med/biomed/sbmb/seminarer/bbbsem.html>

Strategiplan Gades Institutt: <http://www.gades.no/FCkeditor/upload/File/STRATEGISK%20PLAN%202006%20-2010.doc>

Forskerskolen i inflammasjon: <http://www.uib.no/Broegelmann/brsi/index.html>